

Hei,

Sender vedlagt nokre spørsmål som skal rettast til KULII.

Me veit at friluftsliv har ein stor helsefremjande betydning, og det å tilrettelegga for fysisk aktivitet i skisporet er eit viktig tiltak for å betre folkehelsa. I tillegg til folkehelseperspektivet har også Vestland fylke skiløparar i verdstoppen som gjer at desse anlegga er viktige i toppidrettsutviklinga.

I etterkant av budsjetthandsaminga for 2020 har eg vorte merksam på at midlar til utviklingsarbeid og drift av idrettsanlegg har vorte kutta. Dette gjeld slik som eg forstår nokre skianlegg i Sogn og Fjordane. Det er noko utfordrande å tolka utifrå budsjettet at det er skianlegg eller kostnads- og dugnadskrevjande anlegg som er meint.

**Har det vore kommunikasjon mellom fylkeskommunen og Vestland idrettskrins rundt bortfall av denne ordninga? Er det eventuelle andre ordningar skianlegga kan søkja på?**

Tilskotet i gamle Sogn og Fjordane var under føresetnad at vertskommunene gav minst lik sum i tilskot. Dette har vore eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane for å stimulere til friluftaktivitet. Desse anlegga er i stor grad dugnadsbaserte anlegg som er tid- og ressurskrevjande å drifte, og desse tilskota har vore viktige for drifta.

I den vedtekne budsjett teksten blir det elles synt til at «Idrettsarbeid er styrka ved overføring av tilskotsmidlar frå idrettsprosjekt». **Kan administrasjonen utdjupa kva som er meint med tilskotsmidlar frå idrettsprosjekt? Er dette midlar som skal inngå som eit driftstilskot til anlegg?**

Med vennleg helsing  
Senea Sabanovic  
Arbeidarpartiet